

Moderniseringsdepartementet  
Konkurransopolitisk avdeling  
Postboks 8004 Dep  
0030 Oslo

## **Høyrings svar - Forslag til forskrift etter konkurranselova § 3 om unntak frå konkurranselova for bokomsetjing - bokavtalen**

Vi viser til brev frå Moderniseringsdepartementet datert 17. desember 2004. Nasjonalbiblioteket vil med dette kome med kommentarar til forslaget til forskrift etter konkurranselova § 3 som Moderniseringsdepartementet har lagt fram.

Nasjonalbiblioteket har som oppgåve å vere det leiande statlege organet for innsamling, bevaring og formidling av den kulturelle, intellektuelle og vitskapelege produksjonen som skjer i Noreg. Grunnlaget for denne verksemda er mellom anna Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument av 9. juni 1989 nr. 32, pliktavleveringslova. I tillegg forvaltar Nasjonalbiblioteket eldre samlingar overteke frå Universitetet i Oslo og andre dokument som er blitt kjøpt, donert eller på annan måte innlemma i samlingane ved Nasjonalbiblioteket.

Som ivaretar av den nasjonale, litterære arven er det i Nasjonalbiblioteket si interesse at det vert skrive litterære verk i mange sjangrar og uttrykk, slik at ettertida får innsyn i det mangslungne samfunnet som vår tid representerer. I høyringsutkastet er det fleire forslag som kan medføre at mangfaldet i det litterære tilbodet blir mindre, og vi vil her kommentere to forhold som vi meiner kan ha innverknad på kva Nasjonalbiblioteket får å ta vare på i framtida. Det er for det første dei samla marknadsmessige konsekvensane av ei slik omfattande deregulering som Moderniseringsdepartementet foreslår, og for det andre endringane i regelverket for avtalane mellom forlag og forfattar om royaltysatsar.

Den dereguleringa som er foreslått i høyringsutkastet har som formål å auke konkurransen i bokmarknaden i Noreg, og der igjennom oppnå eit lågare prisnivå på bøker generelt. Dette vil kanskje bli tilfelle, men det er langt frå sikkert. Erfaringar frå andre marknader er at auka konkurranse medfører prisfall på nokre varer, og prisauke på andre. Dei mest etterspurde varene får den største prisfallet, og ofte kompensere tilbydarane dette tapet ved å setje opp prisen på dei mindre etterspurde varene. I bokmarknaden vil dette vere dei "smale" utgjevingane og faglitteratur, som ikkje vert etterspurt i same mengd som underholdningslitteraturen.

Det ligg dermed nær å tru at det prisfallet som vil kome i bokmarknaden totalt ikkje vil kome dei "upopulære" bøkene til gode. Dette vil skape ei einsretting i den litterære

produksjonen. Nasjonalbiblioteket meiner dette gjev grunn til uro, all den tid biblioteka pliktar å ha eit breiast mogeleg spekter av utgjevingar i sine hyller.

Når det gjeld dei avtalerettslege forholda knytt til bokproduksjon, har Moderniseringsdepartementet i utkastet § 9 foreslått at royaltysatsane i Normalkontrakten mellom forfattarar og forlag skal vere rettleiande, altså fråvikelege i individuell avtale. Nasjonalbiblioteket meiner det kan vere uheldig viss ei konkurranserettsleg overprøving av eksisterande avtaleforhold innanfor bokbransjen medfører eit frislepp på dette området.

Dette kan medføre at forfattarar av ”smal” litteratur blir pressa til å akseptere dårlegare avtalevilkår for å i det heile få bøkene sine utgjevne. Etter Nasjonalbiblioteket si vurdering er dette eit døme på at balansen mellom dei marknadspolitiske og dei kulturpolitiske interessene er forrykka til skade for dei mindre populære, men litterært sett interessante forfattarane. Vi vil difor oppmode Konkurransetilsynet om å ta omsyn til dette i utforminga av forskrifta.

Med vennleg helsing

Vigdis Moe Skarstein  
Nasjonalbibliotekar

Gunda Djupvik  
Juridisk rådgjevar